

– Fort! skreik Lemme og halte og drog i sykkelen. Han sat heilt fast.

Lemme tok eit skritt, men idet han rørte seg, rasla noko inne i buskane litt lenger borte. Han tok eitt skritt til, men då rasla det igjen. Lemme ropte, slo ut med armane og sprang mot lyden.

– IIIIIEEEEEEAAAAAH!

Lyden fekk håra i nakken til å reise seg, og Lemme stivna til. Han våga ikkje å bevege seg. Sanne sprang bort til broren.

– IEEEEAAA!

– Om det er eit skogsdyr, så er det i alle fall ikkje redd oss, sa Lemme.

– Vi snur og spring alt vi kan, tilbake til crossbanen. Kanskje pappa har dratt dit for å leite etter oss, sa Sanne.

Dei heldt kvarandre i hendene og sprang alt dei orka, men di raskare dei sprang, di høgare blei skrika. Hylet flytta seg rundt dei, motsols. Raskare og raskare. Det hadde snart nådd rundt dei for tredje gongen, då Sanne skreik til i redsle. Ho hadde klart å få eit lite glimt av det som forfølgde dei.

– Han galningen, det var dette han snakka om. Djevelungen

– ... tre gonger rundt!

– Ikkje la han komme tre gonger rundt! Det var det han sa!

– Vi kan ikkje somle her, kom igjen, sa Lemme.

– Stopp, skreik Sanne. Vi må be Fadervår!

Sanne visste ikkje kva ho gjorde, men ho visste no at den gamle mannen på leikeplassen hadde snakka sant. Ho begynte å be Fadervår og kom halvvegs i bøna då ho såg eit lite, bleikt, nake barn forsvinne bak gravemaskinen, rett framfor Lemme. Barnet hadde fullført den tredje sirkelen, og det var det siste dei såg før alt blei svart.

Oppgåver:

Sjå elevbok 7A side 115.

Gjer oppgåvene 1–3.

Forenkla med løyve frå Måret Anne Sara